

Marta Olsdotter f. Skipevåg f.1869 og Bjødn Tormodsen Rønnevik f. 1866:

Kor budde dei ?

Tormod Tormodsen Indre Aaserø fekk skøyte på Rønnevik 13. juli 1886. Sonen, Bjødn flytta til Rønnevik, og var gardsbestyrer fram til han kjøpte garden av faren i 1893. Han gifte seg med Marta Olsdotter Skipevåg i 1887.

Dette giftarmålet var far til Martha, Ola L. Skipevåg noko skeptisk til. Bjødn var ein villmann og svært unge var dei, Martha var 17 og Bjødn 20 år.

Bjødn var av opphav og velstand likevel eit godt «gifte». No hadde det seg slik at nabogarden Rønnevik var til salgs, og Ola sette då krav om at far til Bjødn måtte kjøpe Rønnevik til dei, slik at dei var i nærleiken. Så fekk dei venta med å gifte seg til Marta hadde fylt 18 år, og slik blei det.

Rønnevik hadde dei til april 1907, då dei selde til Lars L. Skipevåg.

På denne tida hadde Bjødn blitt omvende, og var begynt å reisa som predikant. Han var vel aldri noko bonde, no var han i tillegg mykje på reis, og Marta måtte klara seg med leigd hjelp i Rønnevik. Dei hadde heller ikkje etterkomarar som kunne overta.

I 1907 flytta dei til Stavanger, og forpakta likevel ein ein gard der til 1910.

6. februar 1910 var dei fadrar på brorsonen til Martha, Olav Schibeavaag. Dei står då oppførte med bopel Stavanger.

Ved folketeljinga for 1910 som gjeld for desember det året var dei gardbrukarar på Venja, Sjernarøy. Søster til Marta, Martine Skipevåg, g. Hustoft var tenestejenta der då. Marta og Bjødn hadde ikkje born, men på denne tida hadde dei ei pleiedatter, Klara Toresen f.1902 i Skjold.

http://digitalarkivet.arkivverket.no/ft/bosted_land/bf01036646000434

Denne garden på Venja hadde G.nr. 18. b.nr. 2, men etter at det blei Finnøy G.nr. 61.

<http://gardskart.skogoglandskap.no/map.html?komm=1141&gnr=61&bnr=2>

Soga seier at årsaka til at dei flytta frå Stavanger til Sjernarøyane skal vere at det var mange «beilarar» rundt nåvene hjå Marta då Bjødn var ute og predikerte. Difor måtte dei kome seg til ein meir avsidesliggjande stad.

Dei har nok vore forpaktarar på denne garden. Eigar på denne tida var Peder Foldøen, kanskje han var bror til Svend Foldøen som var sterkt medverkande til at Bjødn blei omvende, og begynte å reisa som predikant.

Litt uvisst kor lenge dei budde på Venja, dei flytta sannsynlegvis før 1920.

Då flytta dei til ei anna øy, Tjul på Sjernarøyane. Der skal dei ha vore leigebuarar hjå ein nær slektning til Bjødn. Det er sannsynleg at det var hjå Bernhard Aaserø, han hadde kjøpt gard der i 1911.

I 1922 flytta dei heim til folgehuset i Skipevåg, der budde Magla, mor til Marta som hadde vore enkja sidan 1917. Yngste søster til Marta, Litla Magla f.1893 hadde budd heime og stllt, men dette året gifte ho seg med Karl Døske og flytta til Øynå.

I Skipevåg blei dei buande til Bjødn døydde i 1957, 91 år gamal, då flytta Marta til Finnvik til søstera Serine. Marta døydde i 1961, 92 år gamal.

Dette huset sto då på den delen av garden som Bjørn O. Schibeavaag hadde overteke, men sjølve bygningen må Marta og Bjødn hatt eigarskap til etter at foreldrene til Marta var døde.

På auksjonen etter Marta og Bjødn i 1961 blei huset solgt og flytta til Nesheim på Sjernarøyane. Huset enda altså på same øya som dei budde frå 1910 til ca 1920, og der står det den dag i dag.